# VESTNES KOMMUNE

## Sentraladministrasjonen

**Særutskrift – Melding om vedtak**

NVE v/ Marte Nyheim
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

| Dato | Dykkar ref. | Vår ref. | Saksnr. | Saksbehandlar / Tlf |
|---|---|---|---|---|
| 12.09.2013 | | 12912/2013 | 2013/653 | Alexander Connor<br>71 18 40 80 |

**Sesselva kraftverk- konsesjonssøknad**

Vedlagt følgjer vedtaket frå behandlinga av konsesjonssøknaden frå Sesskraft i Vestnes kommune.

Helsing

Alexander Connor
jordbruksansvarleg


| Postadresse: | Telefon: | Telefaks: | Org.nr. |
|---|---|---|---|
| Rådhuset<br>6390 Vestnes | 71 18 40 00 | 71 18 40 01 | 939 901 965 |

**www.vestnes.kommune.no** **E-post:postmottak@vestnes.kommune.no**

**VESTNES KOMMUNE**

# Saksframlegg

Arkiv: S11
Arkivsaksnr.: 2013/653
Saksbehandlar: Alexander Connor
Dato: 03.09.2013

## Sesselva kraftverk- konsesjonssøknad

| Utval | Møtedato | Utvalssak |
|---|---|---|
| Planutvalet | 10.09.2013 | 56/2013 |

**Saksprotokoll i Planutvalet - 10.09.2013**

**Vedtak:**

Vestnes kommune v/ planutvalet rår til at det blir gitt konsesjon for vasskraftutbygging i Sesselva og Hoemselva med følgjande grunngjeving;

- Fordelen ved tiltaket er i første rekkje kraftproduksjon og at slik produksjon er utsleppsnøytral. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,0 MW og etter planane gi ein årleg middelproduksjon på 17,6 GWh.
- Tiltaket vil gje søkjarane auka inntekter.
- Skatteinntekter til kommunen (eigedomsskatt i investerings- og produksjonsfasen).
- Tiltaket kan gje auka lokal verdiskaping under anleggsfasen ved kjøp av tenester.
- Prosjektet er i tråd med kommunens klimaplan vedteken i kommunestyret 16.06.2011
- Gjev kommunen ei positiv verknad for beredskapen ved kraftlinjebrudd på innførselslinjer.
- Prosjektet er i tråd med gjeldande kommuneplan frå 2006.
- Prosjektet gjev oss grøn fornybar energi som er viktig i den store klimadebatten.

Etter en samla vurdering finn planutvalet at dei positive effektane er større enn dei negative effektane av inngrepet.

**Behandling:**

**Framlegg til vedtak framsett i møte av Heidi Nakken (H):**

Vestnes kommune v/ planutvalet rår til at det blir gitt konsesjon for vasskraftutbygging i Sesselva og Hoemselva med følgjande grunngjeving;

- Fordelen ved tiltaket er i første rekkje kraftproduksjon og at slik produksjon er utsleppsnøytral. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,0 MW og etter planane gi ein årleg middelproduksjon på 17,6 GWh.
- Tiltaket vil gje søkjarane auka inntekter.
- Skatteinntekter til kommunen (eigedomsskatt i investerings- og produksjonsfasen).
- Tiltaket kan gje auka lokal verdiskaping anleggsfasen ved kjøp av tenester.
- Prosjektet er i tråd med kommunens klimaplan vedteken i kommunestyret 16.06.2011
- Gjev kommunen ei positiv verknad for beredskapen ved kraftlinjebrudd på innførselslinjer.
- Prosjektet er i tråd med gjeldande kommuneplan frå 2006.
- Prosjektet gjev oss grøn fornybar energi som er viktig i den store klimadebatten.

Etter en samla vurdering finn planutvalet at dei positive effektane er større enn dei negative effektane av inngrepet.

**Avrøysting:**

Innstillinga frå administrasjonssjefen og framlegg framsett i møte Heidi Nakken (H) vart sett opp mot kvarandre.

Innstillinga frå administrasjonssjefen fekk 2 røyster: Andreas Vegsund (V) og Aud Marie Bergdal (Ap).

Framlegg til vedtak framsett av Heidi Nakken (H) fekk 5 røyster: Trond Eide (FrP), Jarle Lid (FrP), Heidi Nakken (H), Olav Inge Eidhammer (Ap) og Steinar Aasgard (V).

**Administrasjonssjefen si innstilling**

Vestnes kommune v/ planutvalet rår i frå at det blir gitt konsesjon for vasskraftutbygging i Sesselva og Hoemselva med følgjande grunngjeving;

- Vassdraga er lokalisert innanfor eit område der det er svært viktige regionale og lokale friluftsinteresser.
- Området har spesielle natur og kulturhistoriske opplevingskvalitetar.
- Sesselva og Hoemselva inngår som del av eit heilskapeleg nærfriluftsområde.
- Sakselifossen med den tilhøyrande vasstrengen er eit markant landskapselement i eit stort landskapsrom. Vassdraga er såleis unik i kommunal samanheng.
- Planområdet framstår som urøyrt.

- Etter en samla vurdering finn planutvalet at dei positive effektane er vesentleg færre enn dei negative effektane av inngrepet, jfr. pbl. §19-2.

**SAKSUTGREIING:**

**Om søknaden**

Sesskraft AS vil nytte eit fall på 302 m i Sesselva og Hoemselva frå inntak på kote 355 i Hoemselva ned til kraftstasjonen på kote 53 i Sesselva. Sesselva vert planlagt overført frå sideinntak på kote 365 til inntaket i Hoemselva via ei cirka 2,1 km lang nedgravd røyrgate. Frå inntaket i Hoemselva til kraftstasjonen vil vassvegen vere nedgraven rør med ei samla lengde på cirka 2,2 km. Eksisterande veg til sideinntaket i Sesselva og til kraftstasjonen er planlagt oppgradert og nytta som adkomstveg, medan det lyt byggjast ny veg på cirka 1,2 km til inntaket i Hoemselva. Middelvassføringa er 1,22 m3/s og kraftverket er planlagd med ein maksimal slukeevne på 2,2 m3/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,0 MW og etter planane gi ein årleg middelproduksjon på 17,6 GWh.

Utbyggjing av Sesselva kraftverk vil føre til vesentleg redusert vassføring over ei strekning på heile 3,2 km i Sesselva og 1,4 km i Hoemselva. I Sesselva er det planlagt slepp av minstevassføring på 61 l/s heile året. Planlagt slepp av minstevassføring i Hoemselva er 134 1/som sumaren og 43 l/s om vinteren.

Det er og søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Sesselva kraftverk med tilhørande koplingsanlegg og kraftline. For ytterligare omtale av tiltaket syner ein til konsesjonssøknaden.

**Vurdering:**

Fordelar ved tiltaket:

- Fordelen ved tiltaket er i første rekkje kraftproduksjon og at slik produksjon er utsleppsnøytral. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 5,0 MW og etter planane gi ein årleg middelproduksjon på 17,6 GWh.
- Tiltaket vil gje søkjarane auka inntekter.
- Skatteinntekter til kommunen (eigedomsskatt i investerings- og produksjonsfasen).
- Tiltaket kan gje auka lokal verdiskaping anleggsfasen ved kjøp av tenester.

Følgjande ulemper er vurdert som konsekvens av tiltaket.

*Friluftsliv og landskap*

I følgje punkt *3.11 brukarinteresser* i konsesjonssøknaden er kraftutbygginga vurdert til å ha eit *lite* konfliktnivå med brukarinteresser. I følgje søkjar er *"Områda ved Daugstadsætra og Sessætra vert i nokon grad nytta som turområde. Det er her bygd veg fram, og området er såleis lett tilgjengeleg. Begge sætrene ligg ovanfor planlagt inntak i Sesselva. Området mellom inntaka og kraftstasjonen vert lite nytta i samband med friluftsliv.*

Administrasjonssjefen vil fyrst å knytte ein kommentar til omtalen av plasseringa av inntaka i høve til plasseringa av Sessetra. I følgje kartvedlegga og dokumentasjonen elles i konsesjonssøknaden er inntaka plassert ved og noko høgare enn Sessetra. Inntaka er i følgje karta og omtalen i søknaden plassert på kote 365. Dette er høgare enn kva Sessetra er lokalisert. Dermed bli det vesentleg redusert vassføring av Sesselva forbi Sessetra.

I konsesjonssøknaden seier søkjar at *"området mellom inntaka og kraftstasjonen vert lite nytta i samband med friluftsliv".* Administrasjonssjefen er ikkje samd i denne vurderinga.

Inngrepet som det her er søkt vil medføre at friluftslivet og allmentas sine interesser blir sterkt råka. Området sin verdi til utøving av friluftsaktivitetar blir vesentleg redusert ved at vassføringa blir redusert med over 90 %. Dette gjeld både opplevinga av det markante vassdraget gjev visuelt i kommunen og ikkje minst at området blir nedbygd for alltid.

Tilretteleggingsarbeid med skilting, stinett og klopper o.l. vitnar om korleis dette området er gjort tilgjengeleg for dagens innbyggarar og besøkande. Turboka som ligg ved Sakselia bekreftar berre noko av viktigheita og bruken av vassdraget og Sakselifossen. Området er lett tilgjengeleg for allmenta og innehar såleis eigenskapane både til nærfriluftsområde og som eit større regionalt friluftsområde. Områda mellom kraftstasjonen og inntaka er dei viktigaste i høve til nærfriluftsområde. Naturen opplevast her som urørt og er mykje brukt. Dette faktum blir ytterligare forsterka ved at i fylkesdelplanen for inngrepsfrie naturområde for Møre og Romsdal, utarbeidd av Møre og Romsdal Fylkeskommune, er desse fjellområda vurdert som eit regionalt friluftsområde. Området er òg registrert som friluftsområde hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, jfr. www.gislink.no

Sakselia er innfallsporten for fleire av fjell- og toppturane aust i kommunen, der vassdraget med dei markante landskapselementa som Sakselifossen, bekkekløftene og stryka ved Hoemssetra er særs viktige moment i opplevingsmangfaldet i utøvinga av friluftslivet. Ein viser her til turboka *til Fjells i Vestnes* (Eidhammer og Hole 2007) som nettopp har Sakselia som innfallsport til fleire av dei austlege fjell- og toppturane.

Ei vesentleg redusert vassføring saman med legging av Sesselva, Hoemselva og Sakeslifossen i røyr, tekniske inngrep som demningar, vegar og bygningar vil opplevast som negativt. Dette gjeld ikkje berre for denne delen av kommunen. Heilskapsinntrykket med fossefall og natur- og kulturlandskapet og kulturmiljøet vurderast som svært viktig for frilufts- og landskapsopplevinga for eit stort landskapsrom. Vassdraget er godt synleg frå kommunesenteret og dei austlege delane av kommunen. Faktisk er vassdraget så markant at ein kan oppleve dette viktige landskapselement frå Romsdalsfjorden. Vestnes kommune reknar Hoemselva og Sesselva med Sakselifossen og dalføra som eit viktig regionalt utfartsområde både sommar og vinter.

Verknadane for friluftslivet må sjåast på i samanheng med heile influensområdet til utbygginga. Utbygginga er ikkje berre negativ for sjølve vassdraget som fer ein vesentleg reduksjon i vassføringa (over 90 %), men òg opplevingskvalitetane for fjell- og toppturane i omkringliggande fjellområde. Desse fjella ein utgjer ein del av det såkalla *Moldepanoramaet* og heile tiltaksområdet er eit viktig del av opplevinga av desse.

Hoemselva og Sesselva, og ikkje berre med den markante Sakselifossen som er synleg i eit stort landskapsrom, men òg med dei synlege stryka gjev Sessdalen eit særpreg som ikkje finst andre stader i kommunen. Dei to elvane med dei markante stryka ved Hoemssetra, bekkekløftane/juva i Sesselva og fossesprøyten frå Sakselifossen er såleis unike, ikkje berre i kommunal samanheng, men og i regional samanheng. Ei utnytting av Hoemselva og Sesselva vil medføre eit irreversibelt inngrep i eit regionalt viktig naturlandskap som ikkje berre gjev store negative konsekvensar for sjølve vasstrengen, men òg for omkringliggande landskap. Det er av særs stor betydning at dette område er unikt i høve til liknande naturmiljø i kommunen.

Sakselia er ein gamal buplass ved Sakselifossen der kommunen i dag bidreg i restaureringa av det gamle kulturmiljøet. I Sakselia er vidare registrert ei artsrik slåttemark med verdi A. Den nasjonalt prioriterte slåttemarka blir riktig nok ikkje råka av utbygginga men opplevinga av Sakselia som eit viktig kultur- og naturlandskap blir vesentleg redusert ved at fossen blir lagt i røyr. Heile vassdraget sitt særpreg og tilgjengelegheit gjer at vassdraget er godt eigna som eit type-og referansevassdrag. Ikkje minst blir dette nærfriluftsområde ofte nytta til

undervisningsføremål, t.d. av Gjermundnes vgs. Tilgjengelegheit, dei verdfulle naturtypane og opplevingsverdiane til vassdraget og det omkringliggande kulturmiljøet gjer dette til eit særs viktig friluftsområde som er mykje brukt. Den varierte bruken vitnar om viktigheita av vassdraget. Den store engasjementet omkring saka vitnar om kor viktig og verdfull området er, både for lokale og regionale brukarar. Dette forsterkar etter vårt syn omfanget av dei negative effektane av tiltaket.

I høve til sumverknadane vil ein vise til Naturmangfaldsloven, § 10 *"En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for."* I følgje OEDs retningsliner bør inngrep som medfører bortfall eller vesentleg reduksjon av verdifulle landskapselement av nasjonal, regional eller lokal betyding unngåast.

Administrasjonssjefen har lagt vekt på dei tekniske inngrepa tiltaket vil medføre og konsekvensane inngrepa vil ha for biologisk mangfald, turisme, og ikkje minst friluftsliv og landskap. Sjølv med redusert slukevne og slepp av minstevassføring meiner administrasjonssjefen at vassdraga sin verdi for friluftsliv og landskapselement vil bli betydeleg svekka.

Områdets urørte preg og eksponering med fossefall, bekkekløfter/juv og stryk er med på å forsterke allmenne interesser som landskap og friluftsliv. Alle desse utgjer markante landskapselement i eit stort og viktig landskapsrom. Området har stor verdi både som nærfriluftsområde til Sakselia og Sakselifossen og som regionalt viktig friluftsområde for fjell- og toppturar.

*INON (inngrepsfri natur)*
Område utan tyngre tekniske inngrep vert omtalt som inngrepsfri natur (INON), og der areal med ein avstand på over 5 kilometer frå slike inngrep vert klassifisert som villmarksprega. Dette er ein særskilt kvalitet ved naturen og ein stor ressurs med verdi mellom anna for biologisk mangfald og friluftsliv.
Tekniske inngrep har redusert talet på og arealet på kvalifisert villmark (> 5 km frå tyngre tekniske inngrep) i Noreg dei siste 100 åra. I Møre og Romsdal viser oversikta (frå 2008) at berre 671 $km^2$ som ligg lengre enn 5 km unna tyngre tekniske inngrep i fylket vårt. Den same negative utvikling finn ein òg i Vestnes. Det er ingen område i kommunen som lengre kan klassifiserast som villmarksområde. Faktisk finst det knappast heller ikkje område i sone 2, det vil seie areal som ligg mellom 3-5 km unna tekniske inngrep. Det følgjer såleis av dette at storparten av kommunens areal er påverka av tekniske inngrep noko som gjer det særs viktig å ta vare eit stadig knappare gode.

Tap av INON og eit aukande press på inngrepsfrie område er i strid med nasjonal arealpolitikk. Det er i fleire stortingsmeldingar dei seinaste åra gitt uttrykk for at det i plansamanheng skal takast omsyn til at inngrepsfrie naturområde i størst mogleg grad skal bevarast for framtida. Temaet er tatt opp i fleire Stortingsmeldingar- og Proposisjonar, i St.prp. nr.1 (2008-2009) er INON er ført opp som eige arbeidsmål *"sikre at attverande naturområde med urørt preg blir teke vare på."* I St.prp. nr. 1 (2012-2013) blir dette forsterka ved at der *det er mogleg, er det òg eit delmål å restaurere område med "gamle" tekniske inngrep.*

I *Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging* er det ei forventning at omsynet til inngrepsfrie naturområde utan tyngre tekniske inngrep (INON-område) blir lagt vekt på i planlegginga, jfr kgl.res 24 juni. 2011.

Tiltaket er forventa gjev eit tap på 0,8 $km^2$ av INON sone 1. Dette kan kanskje oppfattast som uvesentleg, men realitetane er at Vestnes kommune har omtrent ikkje inngrepsfrie naturområde igjen. Såleis er inngrepet vesentleg i høve til resterande INON område i Vestnes. Tap av INON bør ikkje bagatelliserast, uansett kor stor reduksjonen er. Å unngå irreversible inngrep i desse områda handlar om å sikre den vitigaste kapitalen for mellom anna ei naturbasert turistnæring og opplevinga av friluftsliv.

I høve til sumverknadane vil ein vise til Naturmangfaldsloven, § 10,*" En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for."* Det er allereie gjeve konsesjon til to kraftverk i kommunen, Øvstedal kraftverk (1,3 MW) og Misfjord kraftverk (1,67 MW).

*Biologisk mangfald*
Med bakgrunn i rapportane om naturtypekartlegginga av Jordal (2003) og supplerande kartlegging av Holtan (2011), samt kommunal viltregistrering (Holtan 2010 *in press*), er kunnskapsgrunnlaget vurdert til å vere god, jfr. § 8 i naturmangfaldloven (NML). Då kunnskapsgrunnlaget er vurdert som tilfredsstillande blir ikkje føre-var-prinsippet, jfr § 9 i NML, vurdert.

Kraftverket vil få negative konsekvensar for så mykje som tre naturtypar. Desse er Sesselva-bekkekløft, rikmyr/slåtte/beitemyr og Sakselifossen med fossesprøytsone.

Gjennom kartleggingsarbeidet har ein registrert ei gamal beitemyr/slåttemyr med verdi B på Sessetra. Ei interessant registrering som vitnar om tidligare bruk og einaste funnet av ein slik naturtype i kommunen. Ei eventuell røyrgata frå Sesselva til inntaket skal gå gjennom denne myra. Oftast vil slike grøfter føra til ei ganske mykje breiare inngrepssone enn det ein ser for seg i utgangspunktet, jfr. Bioreg- rapporten. Samstundes vil grøfta etter kvart verka drenerande, slik at inngrepet får ytterligare negative verknader på det særskilde plantelivet her.

Fossesprøytsona i Sakselifossen (Liafossen) er av verdi C, lokalt viktig. Ein understrekar at denne verdien ikkje på noko måte ei nedprioritering. Når ein naturtype først vert fanga opp av denne nasjonale kartleggingsmetodikken, så er i prinsippet områda spesielt viktig for det biologiske mangfaldet. Sakselifossen er den einaste registrerte fossesprøytsona i kommunen. Det er venteleg at naturtypen vil gå tapt med ei utbygging.

Sesselva er registrert som ei bekkekløft med verdi B. Elles er det berre Ysteligrova med verdi B som er kjent i kommunen. Ysteligrova er vesentleg mindre og kortare enn kløftene i Sesselva og kan vanskeleg samanliknast.

I tillegg til dei nemnde naturtypane, finst òg andre interessante biologiske registreringar. Fjellvåk hekkar i fjellet mellom elvane. Det er òg registrert spelplass for orrfugl i nærleiken av den planlagde røyrgatetraseen. I tillegg har ein fleire observasjonar på ungfuglar av kvitryggsspett.

Ein kan forvente ein negativ påverknad av tiltaket på fuglelivet i tiltaksområde. Spesielt for spellokaliteten som kan forsvinne heilt. Vidare er det rimeleg å anta at fjellvåken kan verte negativt påverka under anleggs- og driftsfasen med påfølgjande resultat at den sluttar å hekke i området.

Vidare ønskjer ein å knytte nokre kommentarar til vurderinga om at andre om at *"må ha lov å forventa at det er andre elvar som langt på veg kan ta vare på nokre av dei naturverdiane som eventuelt vil gå tapt ved å byggje ut desse to elvene"*, jfr Bioreg rapporten. Då Fossåna i Tresfjord og Misfjord kraftverk vart utbygd, vart ansvaret for å vidareføre dei tapte naturverdiane her, overlete til nettopp Sesselva og Hoemselva. No ser ein at det er ønskjeleg å bygge ut nettopp desse elvane. Dei naturverdiane som heilt klart forsvinn dersom dei blir utbygd, kan ikkje erstattast av andre vassdrag då desse ikkje finst i kommunen.

Vassdraga som det her er snakk om representerar unike verdiar i kommunen. Utbygginga gjer at tre naturtypar, kor alle er unik i kommunal samanheng, går tapt. I tillegg til tapet av naturtypane, så vil ein også minna om dei generelle negative verknadane som tiltaket vil ha i høve til den biologiske produksjonen i sjølve vasstrengen.

*Fiske*
Ei anna viktig brukarinteresse i vassdraget er fiske. Det kjem fram i avsnitt 3.5 *fisk og ferskvassbiologi og avsn. 3.11 brukarinteresser* i konsesjonssøknaden er verknadane for både fiske og brukarinteresser er *lite*.

Sesselva har ein laks- og sjøaureførande strekning på om lag 500 meter. Ved elektrisk fiske i 2000 er det registrert både aure og lask i Sesselva. Auren opptrer i både vandrande form (sjøaure) og stasjonær form (bekkeaure). Det finnes antakeleg og ål i vassdraget (Asplan Viak 2000.) Fiskebestandane er vurdert til å vere små og av den grunn sårbare. I vassdraget finn ein fleire gode fiskeplassar som er mykje nytta til fiske. Desse fiskeplassane er viktige nærfriluftsområde for både barnfamiliar og tilreisande.
Det er difor å forvente at kraftutbygginga vil få negative konsekvensar både for dette fiske samt bruken av området til andre friluftsliv- og rekreasjonsføremål.

*Busetting og turisme*
Dei nemnde vassdrag er heilt unike i Vestnes kommune. Ein finn ikkje andre stader i kommunen med dei same kvalitetane som ein gjer her. Kvalitetar som bykommunane rundt oss ikkje kan tilby. Administrasjonssjefen meiner at desse landskapsverdiane som vassdraga gjev er eit viktig moment i høve til både bli- og bulyst i kommunen. Det finst mykje forsking som bygger opp under påstanden om at det enkle friluftslivet er nordmenn sin viktigaste arena for fysisk aktivitet. Det å kunne tilby innbyggjarane område som både kan nyttast som nærfriluftsområde og innfallsport til fjell- og toppturar, er ein kvalitet som ein meinar kan vere avgjerande i høve til val av busettingskommune.

*Andre vurderingar/kommentarar*
*Reservevasskjelde*
I følgje konsesjonssøknaden kap. 2.4. er reservevassforsyning nemnt som ein av fordelane ved tiltaket. Det er riktig at det er naudsynt med ei reservevasskilde for å dekke forsyninga til abonnentane når hovudvasskjelda (Sprov) eventuelt ikkje kan nyttast. Administrasjonssjefen meinar likevel at det ikkje er nokon samanheng mellom bygging av kraftverk og behovet for reservevassforsyning, då det er fullt mogleg å bygge reservevasskjelde utan eit kraftverk. Eit reservevassanlegg er eit vesentleg mindre inngrep enn ei kraftutbygging. Truleg vert det kun snakk om ei mindre bygning og eit mindre overgangsrøyr, samstundes som ein unngår bygging i elva og redusert vassføring. Reserveanlegget må handtere eit snittforbruk på om lag 20 l/s. Anlegget skal sjølvsagt kun kjørast når hovudvasskjelda ikkje kan nyttast.
Vidare er det truleg tilstrekkeleg for vassverket å lage inntaket på ca kote 100. Som er nedstrøms for fossen. Såleis blir det mogleg både å bygge reservevasskjelde og å ta vare på vassdraget elles og fossen.

Vidare kjem det fram at bygging av kraftverk venteleg vil gjev betre vasskvalitet, jfr. avsnitt 2.4. i konsesjonssøknaden. Vi har ikkje kjennskap eller dokumentasjon som kan stadfeste ein slik påstand. I følgje *Plan for Vassmiljø i Vestnes kommune (2002)*, viser bakterie- og begroingsprøver frå Sesselva at vasskvaliteten er god. Ein kan difor vanskeleg seie at vasskvaliteten blir betre ved bygging av eit kraftverk. Ein meinar derimot at det er større sannsynleg at vasskvaliteten i den attverande elvelaupet kan verte av dårligare kvalitet. Redusert vassføring vil kunne gje ei auka negativ effekt av eksisterande "forureiningstilførslar" på grunn av mindre fortynning. Då ein framleis har tilsig av organiske stoff frå omgivnadane, kan dette føre til auka eutrofiering som på sikt kan redusere vasskvaliteten.

*Vassdirektivet*
Kort oppsummert skal direktivet medverke til å bevare, beskytte og forbetre vassressursane og det akvatiske miljøet og sikre ein berekraftig bruk av vatn. Direktivet omfattar ferskvatn, brakkvatn, grunnvatn og kystvatn ut til ei nautisk mil utanfor grunnlinja.
Direktivet legg stor vekt på at ulike faktorar som påverkar vassdrag og grunnvatn skal sjåast under eitt. Derfor tek direktivet utgangspunkt i ei nedbørfeltbasert forvaltning av vassressursane.

Vassførekomstane skal minst ha god økologisk og kjemisk tilstand, jfr. vassforskrifta § 4. Før dei vassdraga som ikkje har ein slik miljøtilstand, er det eit mål å betre denne tilstanden innan 2021. I motsetning til andre større vassdrag i kommunen, som t.d. Tress og Skorgeelva, har Sesselva

tilstand *god* i høve til økologisk tilstand. Dette inneber mellom anna at elva er lite eller ikkje i det heile er påverka av negative faktorar som t.d. forureining. I motsetning til fleire andre elvar i kommunen er det og få fysiske inngrep her.

Ei utbygging vil redusere miljøtilstanden i elva og er ikkje i tråd med føringane i vassdirektivet. Miljømålet i direktivet er at tilstanden i ein vassførekomst ikkje skal avvike i større grad frå naturtilstanden til den aktuelle vasstypen. Sidan dei nemnde vassdraga er det einaste større vassdraget som har *god* økologisk tilstand, blir dei negative konsekvensane av ei eventuell utbygging forsterka.

*Helse*
Friluftslivsområde blir gjort ringare gjennom ei storstilt utbygging. I eit folkehelseperspektiv er det viktig at vi klarer å ta vare på desse områda slik at dei kan halde på sine kvalitetar og sin appell også for nye generasjonar med friluftslivsutøvarar. Det finst mykje forsking som bygger opp under påstanden om at det enkle friluftslivet er nordmenn sin viktigaste arena for fysisk aktivitet. Og fysisk aktivitet er ein av de viktigaste grunnpilarane i folkehelsearbeidet.

Kommunen skal no starte eit interkommunal plansamarbeid for å utarbeide eit tilfredsstillande og lokalt forankra kunnskapsgrunnlag om kva som er dei viktigaste friluftslivsområda rundt om i kommunen. Viktige helseeffektar av friluftsliv er m.a. stressreduksjon, reduksjon av angst og depresjonar, og større livsglede. Kostnadene til reparasjon av folk si helse er store, og stigande. Ved å verne om naturområde som blir brukte til eit aktivt friluftsliv, eller som har eit stort friluftslivspotensial for komande generasjonar, kan store kostnader reduserast og skape verdiar gjennom m.a. natur- og kulturbasert reiseliv.

*Planstatus*
Område er i kommuneplana avsett til LNF-formål.

*Konklusjon*
Kraftutbygging vil i dei fleste tilfelle påverke allmentas interesser negativt. Nokre gongar er det mogleg å redusere interessekonfliktane gjennom avbøtande tiltak og prosjektjusteringar. Slik kan i nokre tilfelle utbygging vere forsvarleg når desse konfliktane ikkje er av stor verdi.

I Vestnes kommune har ein relativt nyleg bygd ut to elver til kraft: Misfjordelva og Dalselva/Fossåna. Ein må sjå dette i samanheng med omsøkt tiltak. Vassdragsnaturen i Vestnes er under eit stort press. Kommunen var ikkje negativ til desse utbyggingane, men no finn ein at dei samla verknadane for det omsøkte tiltaket reduserer viktige friluftsområde. Følgjene er at kommunens innbyggarar og kommande generasjonar sine moglegheiter til å oppleve urøyrt natur blir vesentleg redusert.

Ved å legge omtrent all vassføring i røyr (om lag 90 %) vil tiltaket gje ei særs negativ oppfatting av eit viktig vassdrag i eit stort landskapsrom. Sesskraft si utbygging vil ha ein stor negativ påverknad både for eit nærfriluftsområde og eit viktig regionalt friluftsområde. Opplevinga av landskapet vert også redusert ved ei kraftutbygging. Den store motstanden mot tiltaket er ein sterk indikasjon på at området innehar store allmenne interesser. Områdets tilgjengelegheit og nærleik til bygda gjer at området kan verte ein avgjerande faktor i høve til framtidig busetting i bygda.

Sakselifossen og stryka ved Hoemssetra er markante landskapselement som er godt synlege over store avstandar. Dei representerar unike natur og opplevingsverdiar i kommunal samanheng.

Etter ei heilskapleg vurdering, finn ein at fordelane ved tiltaket er vesentleg lågare enn skadane og ulempa for allmentas interesser. Med grunngjeving i saksutgreiing, og med vekt på allmenne verdiar som friluftsliv, landskap og unike naturverdiar i kommunale samanheng, rår ein i frå utbygginga som omsøkt.

Særutskrift til: NVE, konsesjonsavdelinga, postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Vedlegg:

1 Sesskraft AS - høyringsdokument - Søknad om løyve til å byggje Sesselva Kraftverk